

Innkalling
av
Kraftfondsstyret

Møtedato: 02.09.2015
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 14:00

I tråd med § 6c i vedtektene for kraftfondet vert søkjarane invitert inn til kraftfondstyre for å orientere nærare om prosjektet/søknaden.

Setter av ca. 15 min pr. sak til orientering/handsaming.

Eventuelle forfall må meldast til Maud Sleire Holmaas per tlf. 56166216, sms til 91572395 eller per epost til maud.sleire.holmaas@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

005/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste	s. 2
006/2015	Godkjenning av møtebok	s. 3
007/2015	Einakavane - søknad om støtte gjennom kraftfondet	s. 4
008/2015	Masfjorden kajakkskule - søknad om støtte gjennom kraftfondet	s. 10
009/2015	Nordbygda senter - søknad om tilskot frå kraftfondet til oppgradering av butikk	s. 16
010/2015	Risp garn og interiør - søknad om støtte gjennom kraftfondet	s. 18

26. august 2015

Karstein Totland, ordførar
møteleiar

Maud Sleire Holmaas
sekretær

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas		15/660

Saknr	Utval	Type	Dato
005/2015	Kraftfondsstyret	PS	02.09.2015

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Gerd Allis Håheim		15/660

Saknr	Utval	Type	Dato
006/2015	Kraftfondsstyret	PS	02.09.2015

Godkjenning av møtebok

32T

Protokoll - Kraftfondsstyret - 21.04.2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 223	15/215

Saknr	Utval	Type	Dato
007/2015	Kraftfondsstyret	PS	02.09.2015

Einakavane - søknad om støtte gjennom kraftfondet

32T

Kraftfondet - søknad om tilskot
resultset_3509_5_vedlegg1.docx

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Einakavane søker om kr. 90.000 i tilskot frå kraftfondet til utviding av vaskeriet

Vurdering

Det er budsjettert med kr. 420.000 i samband med utviding av vaskeriet, og av dette vert det søkt om tilskot gjennom kraftfondet med kr. 90.000 som utgjer litt over 21% i støtte av forventede investeringar. Søknaden er innfor føremål og beløpsgrenser for retningslinene og vedtektene for kraftfondet, men ein kan stille spørsmål ved om søknaden kjem i konflikt med retningslinene i forhold til at det ikkje bør ytast tilskot til verksemdar som mottar vesentlege offentlege overføringar/tilskot – noko Einakavane gjer både med omsyn til stat og kommune. Formannskapet har tidlegare signalisert at ein er positiv og tilrådd selskapet å søkje kraftfondet. Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmann ut i frå habilitetforhold og tilknytning til selskapet som styrerepresentant.

Fakta

Viser til søknad og sakstilfang

Nokre sentrale forhold saksa frå vedtektene & retningslinene for kraftfondet:

Beløpsgrenser for støtte gjennom kraftfondet;

- Bedriftsutvikling kr. 40.000,-
- Investeringar kr. 200.000,-

I tråd med § 6c i vedtektene for kraftfondet vert søkjar invitert inn til kraftfondestyre for å orientere nærare om prosjektet/søknaden.

Det er sett av kr. 400.000 til næringsføremål i kraftfondsbudsjettet for 2015. Dette er hovutdelinga, og 2. tildeling er med søknadsfrist 1.nov. og handsaming i des. 2015. Samla søknadsmasse i denne omgang utgjer 467.375

Konklusjon

Einokavane får tildelt tilskot med kr. x frå kraftfondet til utviding av vaskeri.



Kraftfondet - søknad om tilskot (KF-212-1266)

Referansenummer: NIMAA4

Registrert dato: 09.06.2015 12:58:21

Vedlegg:

Vaskeriutgifter budsjett.docx

Verksemda				
Type verksemd				
Varig tilrettelagte arbeidsplassar				
Forretningsideen til føretaket/laget/foreininga				
Føremålet er å vera kommunen sitt fremste organ for arbeidstrening, habilitering, aktivisering og varig tilrettelagt arbeid (VTA plassar) Einekavane har godkjent 8 plassar i regi av NAV.				
Eigarsamansetting				
Namn på eigar	Adresse	Postnummer	Poststad	Del i %
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	Masfjordnes	100

Innleiing
Er verksemda registrert i Føretaksregisteret? <input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei
Opplysningar om føretak/lag/foreining
Organisasjonsnummer 987061448
Føretak/lag/foreining Einakavane A/S
Adresse Matre 45
Postnummer 5984
Poststad MATREDAL
Telefon 56367422
Telefaks

Opplysningar om kontaktperson		Side 7
Førenamn Øyvind		
Etternamn Kristoffersen		
Adresse Haugsværlia 8		
Postnummer 5983	Poststad HAUGSVÆR	
Mobiltelefon 90871192		
Telefon arbeid 56367422		
Telefon privar 90871192		
E-post einekav@online.no		
Bankkontonummer 36325321517		
Er det tidlegare søkt andre offentlege instansar om tilskott til prosjektet? <input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei		

Finansiering	
Namn på og finansiering av prosjektet Søknadsprosjekt Auka kapasitet på vaskeriet	
Totale kostnader for prosjektet 420 000	
Finansieringsplan	
Eigenkapital 290 000	
Eige arbeid 40 000	
Lån i bank 0	
Tilskott frå næringsfond 90 000	
Har prosjektet fått tilskott frå andre? <input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei	
Andre finansieringskjelder Ingen	
Sum finansieringsplan 420 000	

Andre opplysningar
Før opp eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for søknaden Einekavane A/S driv eit vaskeri der en sel tenester til bedrifter i nærområde. (Masfjorden og Gulen) Aktuelt no er at bedrifter i Sløvåg ynskjer betydlig auke i vaskeritenester, blant anna vask av 120 kjeledressar kvar dag, auka mengde av sengetøy og privattøy til arbeidstakara. For å auka kapasiteten må det ei mindre ombygging til. Ein må også investera i ei større vaskemaskin, meir sengetøy og ny bil. Dette for å sikra punktlig levering/henting. Arbeidet på vaskeriet er særst godt eigna til våre tilsette på VTA plassar. Dette oppdraget vil sikra og bedra økonomien for bedrifta.

Rekneskap, årsmelding og revisjonsmelding for siste tre åra lastes opp som vedlegg på siste side i skjemaet.

Eigne kommentarar til oppnådde resultat, økonomisk stilling og likviditet

Einakavane A/S har oppnådd gode resultat i arbeidet med å tilretteleggja arbeid for yrkeshemma. Bedrifta har dei siste åra gått i ballanse. Likviditeten er slik at det ikkje er rom for dei store investeringane. Difor søker vi kraffondet om midlar til denne utvidinga.

Sal og marknaden til verksemda

Verksemda sine viktigaste kundegrupper

NAV, Masfjorden kommune og bedrifter og privatpersonar i Masfjorden og Gulen

Marknadsføringstiltak

Levering av gode produkt til rett tid, gjev godt omdømme. Dette bidrar til at fleire bedrifter kjøper tenester hjå oss.

Viktigaste konkurrentar

Andre vaskeri i Nordhordland og Bergen.



EINEKAVANE AS

Matre 45

5984 Matredal

Matre 09.06.2015

Utviding av vaskeriet

Budsjett for 2015

Utgifter

Kjøp av vaskemaskin	kr 166 300	
Leasingavtale 5 år		pr. år kr 33 260,-
Utgifter til montering (Rørleggar/elektrikar)		kr 30 000,-
Bil	kr 274 200	
Leasingavtale 5 år		pr. år kr 54 840,-
Kjøp av sengetøy, handklær og matter m.m		kr 115 000,-
Utgifter til utviding/ ombygging		kr 69 600,-
Henting/levering av tøy		kr 117 300,-
Samla utgifter		kr 420 000,-

I tillegg kjem auka driftsutgifter til straum, vaskemidlar og evt. vikarutgifter

Inntekter

Eige arbeid til ombygging	kr. 40 000,-
Vask av kjeledressar i 2015	kr. 160 000,-
Vask av sengetøy i 2015	kr. 130 000,-
Tilskot frå kraftfondet	kr. 90 000,-
Samla inntekter	kr. 420 000,-

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 223	15/451

Saknr	Utval	Type	Dato
008/2015	Kraftfondsstyret	PS	02.09.2015

Masfjorden kajakkskule - søknad om støtte gjennom kraftfondet

32T

resultset_3509_4.pdf

resultset_3509_4_vedlegg1.odt

resultset_3509_4_vedlegg2.odt

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det vert søkt om kr. 150.000 i tilskot frå kraftfondet til etablering av ein kajakkskule

Vurdering

Det er budsjettert med kr. ca. 170.000 i etableringskostnader, og eit driftsbudsjett på litt over kr. 160.000,-. Støtte vert vurdert opp i mot etableringskostnader, og søknaden inneber såleis nær 90% av finansieringsbehovet. Det overordna målet med å bruka kraftfondet er å bidra til sikring og vidareutvikle eksisterande verksemder, fremja etablering av nye verksemder og å sikra og auka busetnaden i kommunen. Dette inneber primært tiltak som sikrar sysselsetjinga i kommunen og som har eit næringsføremål. Søknaden er såleis utafør føremål og beløpsgrenser for retningslinene og vedtektene for kraftfondet, samla finansiering frå kraftfondet til private næringsstiltak skal som hovudregel ikkje overstige 25 % av den samla kapitaltrongen for eit prosjekt. Ved bedriftsutvikling kan det gjevast inntil 75% finansiering til prosjekt som har særleg verknad for ungdom og kvinner, og ved nyetablering kan det gjevast inntil 75% støtte". Etablering av kajakkskulen er avhengig av støtte frå kraftfondet/kommunen.

Fakta

Viser til søknad som er grundig og informativ, jf sakstfang

Nokre sentrale forhold saksa frå vedtektene & retningslinene for kraftfondet:

Beløpsgrenser for støtte gjennom kraftfondet;

Bedriftsutvikling kr. 40.000,-

Investeringar kr.200.000,-

Kraftfondet er først og fremst retta mot støtte til mindre næringsprosjekt. For større prosjekt (samla kapitalbehov utover 500.000,-) skal søkjar først avklare mogleg støtte gjennom innovasjon Noreg eller andre regionale støtteordningar, før kraftfondet tek saka opp til handsaming.

I tråd med § 6c i vedtektene for kraftfondet vert søkjar invitert inn til kraftfondstyre for å orientere nærare om prosjektet/søknaden.

Det er sett av kr. 400.000 til næringsføremål i kraftfondsbudsjettet for 2015. Dette er hovudtildelinga, og 2. tildeling er med søknadsfrist 1.nov. og handsaming i des. 2015. Samla søknadsmasse i denne omgang utgjer 467.375

Konklusjon

Søknaden er i strid med § 2 og 5 i vedtektene for kraftfondet. Evt. støtte til etablering av kajakkskule må tilpassast vedtektene og retningslinene for kraftfondet.

Kraftfondet - søknad om tilskot (KF-212-1266)

Referansenummer: 6NTGIC

Registrert dato: 18.05.2015 23:30:18

Vedlegg:

Kostnadsoverslag kajakkskule.odt

Driftsbudsjett Masfjorden kajakkskule.odt

Verksemda

Type verksemd

Kajakkskule

Forretningsideen til føretaket/laget/foreininga

Bruke naturen og nærmiljøet i Masfjorden til aa undervise born, ungdom og vaksne i kajakkpadling og -byggjing. Me tenkte aa halde kajakkar og padleutstyr til ei gruppe paa 10 menneske som me kan ta ut paa tur rundt om i skjergarden. Me har tilhengjar til alle kajakkane og kan vere mobile i heile næromraadet. Organisere og gjennomføre padlekurs og turar for funksjonsfriske og funksjonshemma, elevar i grunn-og ungdomsskule med tilpassingsvanskar og særskilde læringsutfordringar. Integrere innflyttarar til kommunen og skape samhald i bygda gjennom fysisk fostring og friluftsliv. Samarbeid med Hatlevik helselag om laan av Hatlevik skulehus for aa halde tidagars kurs i tradisjonell kajakkbyggjing, der mesteparten av materiala kjem fraa skog i Masfjorden. Samarbeid med Risnes Idrettslag om laan av kanoar for turar med større grupper inntil 15 personar. Mindre ein-dagars kurs i t.d. tradisjonell aaremaking med handverktøy for aa gje unge og vaksne meistringskjensle og innføring i handverksteknikkar. Setje Masfjorden paa kartet som padlekommune paa linje med Austrheim. Styrke turismen: Det er allereie interesse fraa skotske og engelske padlarar som gjerne vil ha kurs i tradisjonell kajakkbyggjing og har lyst til aa utforske Masfjorden som padlekommune. Gaa føre med eit godt døme med sporlaus ferdsle og miljøvennleg friluftsliv slik at innbyggjarane vaare faar augo opp for kor viktig det er med naturvern og kan formidle dette vidare til komande generasjonar.

Eigarsamansetting

Namn på eigar	Adresse	Postnummer	Poststad	Del i %
Alf Helland	Fensfjordvegen 1048	5986	Hosteland	50
Anke Brandt	Fensfjordvegen 1048	5986	Hosteland	50

Innleiing

Er verksemda registrert i Føretaksregisteret?

 Ja Nei

Opplysninger om føretak/lag/foreining		Side 13
Organisasjonsnummer		
Føretak/lag/foreining Masfjorden kajakkskule		
Adresse Fensfjordvegen 1048		
Postnummer 5986		
Poststad HOSTELAND		
Telefon 92020148		
Telefaks		
Opplysninger om kontaktperson		
Førenamn Alf		
Etternamn Helland		
Adresse Fensfjordvegen 1048		
Postnummer 5986	Poststad HOSTELAND	
Mobiltelefon 92020148		
Telefon arbeid 92020148		
Telefon privar 92020148		
E-post alf_helland@msn.com		
Bankkontonummer 05404047061		
Er det tidlegare søkt andre offentlege instansar om tilskott til prosjektet? <input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei		

Finansiering
Namn på og finansiering av prosjektet
Søknadsprosjekt Masfjorden kajakkskule
Totalt kostnader for prosjektet 250.000,-
Finansieringsplan
Eigenkapital 50.000,-
Eige arbeid 50.000,-
Lån i bank 0,-
Tilskott frå næringsfond 150.000,-
Har prosjektet fått tilskott frå andre? <input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei
Andre finansieringskjelder Inntekter fraa byggjekurs og teknikkurs
Sum finansieringsplan 250.000,-

Før opp eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for søknaden

Me har til no ikkje oppretta noko firma for kajakkskulen. Dette er planen, men det kjem an paa kor mykje interesse det er fraa kommunen si side for tiltaket. Me har hatt kurs i kajakkpadling for born, ungdom og vaksne for 12-13 aar sidan i samarbeid med Risnes Idrettslag, og daa var interessen stor. No er interessen endaa større, avdi kajakkporten er vorten meir og meir populær. Sporten kan utövast til alle aastider av dei aler fleste menneske, styrkjar fysikken og psyken og kan i mange tilfelle godt kombinert med fysioterapi. Anke er utdanna mototerapeut (rørsleterapeut) og har erfaring med born med læringsvanskar og motoriske problem. Desse kan ha god nytte av eit slikt tilbod.

Masfjorden kommune er som skapt for kajakkskule med eit utal lune vikar og mange flotte innsjøar. Det er tidlegare skipa liknande skular i USA og Canada, tilbakemeldingane har vore udelt positive.

Økonomi

Rekneskap, årsmelding og revisjonsmelding for siste tre åra lastes opp som vedlegg på siste side i skjemaet.

Eigne kommentarar til oppnådde resultat, økonomisk stilling og likviditet

Me har rekna ut at utstyrsparken kjem til aa koste ca. 150.000,-kroner. Dette dekkjer:

4 havkajakkar i polyetylen med tørrdrakter, aarer og vestar

2 dobbelkajakkar i polyetylen for eldre og funksjonshemma

2 barnekajakkar til born i alderen 8-12 aar.

4 kajakktraller

Handverktøy og material til drift av byggjekurs (typisk kursstorleik : 4-6 deltakarar)

6 Feltsengjer for overnatting av tilreisande kursdeltakarar i Hatlevik skulehus

Utstyr til reinhald av lokalet i Hatlevik

Sal og marknaden til verksemda

Verksemda sine viktigaste kundegrupper

Ungdom og vaksne i Masfjorden som er interesserte i padling

Born og skuleungdom

Kursing av pedagogisk personale i skulane

Funksjonshemma og born/unge med tilpassingsvanskar og læringsutfordringar

Turistar og tilreisande som treng guida turar paa vatnet

Byggjeinteresserte fraa inn-og utland

Pensjonistar

Ruslinikker

Helselag og idrettslag

Firma av ulike slag som skal styrkje gruppearbeid

Marknadsføringstiltak
Artikkel i lokalavisene
Artikkel i friluftsmagasinet
Eiga nettside?
Facebook

Side 15

Viktigaste konkurrentar
Kajakkspecialisten Anders Thygesen, Vestfossen

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 223, FA - U01	15/342

Saknr	Utval	Type	Dato
009/2015	Kraftfondsstyret	PS	02.09.2015

Nordbygda senter - søknad om tilskot frå kraftfondet til oppgradering av butikk

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Nordbygda senter as – spar Hosteland søker om kr. 200.000 i tilskot frå kraftfondet til oppgradering av butikk.

Vurdering

Det er lagt opp til store investeringa og oppgradering av kjølfrys anlegget ved butikken , og samla utgjer investering på om lag 3,5 mill.kr., og søknaden innber om lag 6% støtte av investeringen. Søknaden er innafor føremål og beløpsgrenser for retningslinene og vedtektene for kraftfondet.

Ein har vore forsiktig med tilskot gjennom kraftfondet til butikkar, for å hindre konkurransevridning og normalt har tilskot vore avgrensa til 40.000,- og støtte over denne summen gitt som lån.

Fakta

Viser til søknad og sakstilfang

Nokre sentrale forhold saksa frå vedtektene & retningslinene for kraftfondet:

Beløpsgrenser for støtte gjennom kraftfondet;

- Bedriftsutvikling kr. 40.000,-
- Investeringar kr. 200.000,-

Kraftfondet er først og fremst retta mot støtte til mindre næringsprosjekt. For større prosjekt (samla kapitalbehov utover 500.000,-) skal søkjar først avklare mogleg støtte gjennom innovasjon Noreg eller andre regionale støtteordningar, før kraftfondet tek saka opp til handsaming.

I tråd med § 6c i vedtektene for kraftfondet vert søkjar invitert inn til kraftfondestyre for å orientere nærare om prosjektet/søknaden.

Det er sett av kr. 400.000 til næringsføremål i kraftfondsbudsjettet for 2015. Dette er hovutdelinga, og 2. tildeling er med søknadsfrist 1.nov. og handsaming i des. 2015. Samla søknadsmasse i denne omgang utgjer 467.375

Konklusjon

Nordbygda senter as – spar Hosteland får tildelt tilskot med kr. x00.000 frå kraftfondet til oppgradering av butikk. Midlane står til disposisjon inntil 10.09.2017.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 223	15/129

Saknr	Utval	Type	Dato
010/2015	Kraftfondsstyret	PS	02.09.2015

Risp garn og interiør - søknad om støtte gjennom kraftfondet

32T

resultset_3509_1.pdf

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rips garn og interiør as får ikkje støtte til omsøkte prosjekt ut i frå tidlegare tildeling/tilskot i 2015.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rips garn og interiør as søker om støtte/tilskot på kr. 27.375 av ei investering på kr. 36.500 gjennom kraftfondet til innkjøp av strikkemaskin og mønsterproduksjon.

Vurdering

Rips garn og interiør as fekk innvilga tilskot jf. kraftfondsak 3/15 med kr. 15.000 som utgjorde 100% av kalkulert kostnader ved utarbeiding av Masfjord-koft. Vedtektene til kraftfondet § 5 tilseier støtte med hhv. inntil 25/75% avhenging av form. Ein la den gong til grunn at prosjektet var å sjå på som

eit marknadsføringstiltak av kommunen under budsjettposten profilering av kommunen/div i kraftfondsbudsjettet for 2015. Når ny søknad føreligg, ser ein støtte frå kraftfondet samla, og legg til grunn hovudkriterie i vedtektene, samla finansiering frå kraftfondet til private næringstiltak skal som hovudregel ikkje overstige 25 % av den samla kapitaltrongen for eit prosjekt. Ved bedriftsutvikling kan det gjevast inntil 75% finansiering til prosjekt som har særleg verknad for ungdom og

kvinner, og ved nyetablering kan det gjevast inntil 75% støtte". Samla kostnader for desse to prosjekta utgjer i overkant av 50.000,- og med tilskot tidlegare med 15.000 er ein innafor 25% stønad, og ein tilrår ikkje ytterlegare støtte til Rips garn og interiør as i denne omgang.

Fakta

Viser til søknad og sakstilfang

Nokre sentrale forhold saksa frå vedtektene & retningslinene for kraftfondet:

Beløpsgrenser for støtte gjennom kraftfondet;

- Bedriftsutvikling kr. 40.000,-
- Investeringar kr. 200.000,-

I tråd med § 6c i vedtektene for kraftfondet vert søkjar invitert inn til kraftfondstyre for å orientere nærare om prosjektet/søknaden.

Det er sett av kr. 400.000 til næringsføremål i kraftfondsbudsjettet for 2015. Dette er hovudtildelinga, og 2. tildeling er med søknadsfrist 1.nov. og handsaming i des. 2015. Samla søknadsmasse i denne omgang utgjer 467.375

Konklusjon

Rips garn og interiør as får ikkje støtte til omsøkte prosjekt ut i frå tidlegare tildeling/tilskot i 2015.

Kraftfondet - søknad om tilskot (KF-212-1266)

Referansenummer: 7WU58Q

Registrert dato: 02.02.2015 13:20:49

Vedlegg:

Budsjett RIPS 2014-2016.xls

Verksemda				
Type verksemd Garn- og interiørbutikk				
Forretningsideen til føretaket/laget/foreininga Drive med produksjon, import, kjøp og salg av garn, garnprodukter og tilbehør, samt interiør- og gaveartikler, og annet som naturlig faller sammen med dette.				
Eigarsamansetting				
Namn på eigar	Adresse	Postnummer	Poststad	Del i %
Lene Hansen Kvamsdal	Areklettvegen 96	5986	Hosteland	33,3
Signe Baarøy	Brandangervegen 624	5960	Dalsøyra	33,3
Wenche Dåe	Areklettvegen 475	5986	Hosteland	33,3

Innleiing
Er verksemda registrert i Føretaksregisteret? <input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei
Opplysningar om føretak/lag/foreining
Organisasjonsnummer 913 754 786
Føretak/lag/foreining Rips Garn og Interiør
Adresse Areklettvegen 96
Postnummer 5986
Poststad HOSTELAND
Telefon 41657182
Telefaks

Opplysningar om kontaktperson		Side 21
Førenamn Lene Hansen		
Etternamn Kvamsdal		
Adresse Areklettvegen 96		
Postnummer 5986	Poststad HOSTELAND	
Mobiltelefon 41657182		
Telefon arbeid 95903257		
Telefon privar 41657182		
E-post ripsdamene@gmail.com		
Bankkontonummer 15035045063		
Er det tidlegare søkt andre offentlege instansar om tilskott til prosjektet? <input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei		

Finansiering	
Namn på og finansiering av prosjektet	
Søknadsprosjekt Søknad om støtte til innkjøp av strikkemaskin og mønsterprosjekt	
Totale kostnader for prosjektet 36500	
Finansieringsplan	
Eigenkapital 4125	
Eige arbeid 5000	
Lån i bank 0	
Tilskott frå næringsfond 27375	
Har prosjektet fått tilskott frå andre? <input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei	
Andre finansieringskjelder 0	
Sum finansieringsplan 36500	

Andre opplysningar
Før opp eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for søknaden
Rips Garn og Interiør starta opp verksemd i Sløvåg Næringsbygg, Vidsyn i november. Selskapet driv med sal av garn og interiør, og ønskjer no å starta eit nytt prosjekt. Prosjektet dreier seg om å utvikla eit eige garnmønster til kofter for Gulen og Masfjorden kommunar. Lokalmiljøet vert engasjert i å koma med mønsterforslag, for å skapa eigarskap til kofta. Dette prosjektet vil vera god marknadsføring for kommunane. For bedrifta medverkar dette prosjektet til å utvida forretningsgrunnlaget. Det er også med å dekkja eit uttrykt behov i marknaden. Kostnaden det er søkt om er halvparten av totalkostnaden, og tilsvarande søknad vert også sendt til Gulen sitt næringsfond.

Rekneskap, årsmelding og revisjonsmelding for siste tre åra lastes opp som vedlegg på siste side i skjemaet.

Eigne kommentarar til oppnådde resultat, økonomisk stilling og likviditet

Selskapet har vore i drift sidan november, og rekneskap er såleis ikkje lagt ved. Budsjett for verksemda er vedlagt.

Sal og marknaden til verksemda

Verksemda sine viktigaste kundegrupper

Innbyggjarane i Masfjorden og Gulen. Hovudmålgruppa er kvinner i alle aldrar.

Marknadsføringstiltak

Rips Garn og Interiør har eiga Facebook-side, og har vore i lokalavisene. I tillegg vart ei av dei tilsette intervjuja på radio. Prosjektet har blitt marknadsført gjennom oppslag, artikkel i ei lokalavis og innlegg på Facebook.

Viktigaste konkurrentar

Andre tilsvarande bedrifter i nordhordland og netthandel.